



Fylkesmannen i Sør-Trøndelag

Postboks 4710 Sluppen, 7468 Trondheim
Sentralbord: 73 19 90 00, Telefaks: 73 19 91 01
Besøksadresse: E. C. Dahls g. 10

Saksbehandler
Anne Solstad
Landbruk og bygdeutvikling

Innvalgstelefon
73 19 92 65

Vår dato
28.11.2014
Deres dato
17.10.2014

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
2014/7802-521.0
Deres ref.
14/1674

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høring av ny forskrift om tilskott til avløsning ved sykdom og fødsel mv - tilbakemelding

Vi viser til dykkar brev datert 17.10.2014 som omhandlar forslag til ny forskrif tom tilskot til avløsning ved sykdom og fødsel mv. med høyrings svar 01.01.2014.

Vedlagt følgjer vår tilbakemelding på høringa.

Med hilsen

Magnhild Melandsø (e.f.)
underdirektør

Anne Solstad
fylkesagronom

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

1 vedlegg

Høyring av ny forskrift om tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel mv. – Fylkesmannen i Sør-Trøndelag si ytring

Vi viser til Landbruks- og matdepartementet sitt brev datert 17.10.2014 om høyring av ny forskrift om tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel mv. med høyringsfrist 01.12.2014.

Oppsummering og konklusjon

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag er einig i at det er behov for ein gjennomgang av forskrifta. Det er positivt at vår forskrift blir samanfallande med reglar i andre regelverk så som hos NAV og Arbeidstilsynet.

Vi er svært opptatt av at vi skal ha ei kvalitativ god velferdsordning for bøndene framover og gjennom dette sikre ein berekraftig norsk matproduksjon i mange år framover. Ei god velferdsordning er også viktig for å sikre rekruttering til landbruket.

Vi er bekymra for at fleire av endringane som er foreslått i høyringa vil føre til ei kvalitativ dårlegare velferdsordning for bøndene. I tillegg vil enkelte endringar medføre ei meir krevjande forvaltning av ordninga.

Før regelendringar skjer bør det sjåast på konsekvensar. Dette synest fråverande.

Under følgjer Fylkesmannen i Sør-Trøndelag sine viktigaste synspunkt oppsummert:

- Lønsutgifter til eigen tilsett avløyisar, utgifter til landbruksvikar eller til avløyisar tilsett i avløyisarlager eller –ring bør fortsatt danne grunnlag for tilskot utan ytterlegare utviding ved at slike tenester kan kjøpast frå andre føretak. Ei utviding av ordninga vil medføre meirarbeid for forvaltninga. Ein går med dette også vekk frå prinsippet om at ordninga skal organiserast som eit arbeidsgjevar-/arbeidstakarforhold. Dette er noko som vil medføre ei utvatning av avløyisaryrket og ei nedbryting av ordninga.
- Vi støttar at avgrensinga frå ordninga ikkje lenger skal gjelde gardbrukarar over 70 år og/eller med over 75 % arbeidsavklaringspengar.
- Flytting av utmålingsreglane frå forskrift til Jordbruksavtale er ikkje heldig da dette blir meir uoversiktleg for søkar.
- I ny forskrift § 1 bør det føyast til slik at «sjuke barn og omsorgsovertaking» også går fram.
- Det er svært viktig at ein held seg til NAV sine reglar for sjukmelding og

- periode og at denne er samanfallande med periode med rett til tilskott til avløyning ved sjukdom. Det vil seie at når ein ikkje lenger har sjukepengar så har ein heller ikkje rett på tilskott, jf. § 4 i ny forskrift.
- Det er uheldig at ikkje søkar ved ei sjølvvalt avkryssing kan overføre tilskottet sitt til avløyningarlag/-ring. Dette er ei refusjonsordning og ikkje ei tilskottsordning noko som bør utgjere ein forskjell i forhold til transport av beløp til utbetaling til annan enn søkar.
 - Det er viktig at det er lege som gjer alle vurderingar om helse og at det ikkje blir tillagt sakshandsamar i kommunen å vurdere konsekvensar av sjukdom mv.
 - Vi støtter den foreslått utvidinga av tilskott til avløyning ved sjuke barn. Det er positivt med ei utviding i § 6 ved sjukdom hos barn. Ein aukar grensa frå 16 til 18 år ved kronisk sjukdom, langvarig sjukdom eller nedsett funksjonsevne.
 - For nystarta gardbrukarar bør det ikkje vere nødvendig å søke om dispensasjon frå kravet til næringsinntekt, jf. §§ 3 og 9.

Om dei enkelte kapittel i høyringsnotatet

Innleiing

Vi ser ikkje at det er fornuftig at «avløysartilskott ferie og fritid» og «tilskott til avløyning ved sjukdom mv.» blir splitta i to forskrifter der tilskott til avløyning ved ferie og fritid blir inkludert i forskrift om produksjonstilskott. Dette fordi tilskott til avløyning uansett grunn er ei refusjonsordning mens produksjonstilskott er eit direktetilskott.

Generelle vilkår for rett på tilskott

I dag er det lønsutgifter til eigen tilsett avløyningar, utgifter til landbruksvikar eller til avløyningar tilsett i avløyningarlag eller -ring som dannar grunnlag for tilskott. Departementet meiner at denne avgrensinga må opphevast. Dette vil medføre at avløyningartenester også kan kjøpast frå andre føretak enn avløyningarlag/-ring. Vi ser at dette kan gi eit svært mykje dårlegare tilbod til bøndene. Det er over mange 10-år gjort ein stor innsats for å byggje opp den ordninga vi har i dag med solide avløyningarlag/-ringar. Det er lett å bryte ned dette gode tilbodet som bøndene nyter godt av.

Avløyningarlaga/-ringane sikrar kvalitativt gode avløyningar ved kursing og oppfølging i det daglege. Det er også bekymringsverdig i forhold til rekruttering til både bondeyrke og avløyningaryrke at ikkje dei avløyningarlaga/-ringane vi har i dag skal vere prioritert. Dersom ein opnar for at også andre føretak kan tilby avløyningartenester er vi redd dette vil medføre dårlegare kvalitet på tenestene. Grunnen til det er at dette vil vere føretak som ikkje har spesialisert seg på avløyningartenester, men tilbyr arbeidshjelp innafor eit vidt spekter av yrker.

Å avløyse i eit moderne fjøs i dag er ei oppgåve som krev høg kompetanse på mange områder. Det er viktig at dei som skal avløyse har den kompetansen og erfaringa som trengst for at både dyr og gardbrukar skal oppleve gjennomført arbeid på ein god måte.

Vi stiller oss kritisk til korleis ein kan kontrollere ei ordning der det er tenkt opna for at alle som vil kan tilby avløysartenester. I dag er det muleg å kontrollere på ein god og effektiv måte, men vi ser for oss at om dette går igjennom, vil kontroll framover bli svært arbeidskrevjande. Dette fordi det tilsynelatande ikkje vil bli stilt same krav framover til kva for føretak som kan tilby slike tenester og at det ikkje lenger blir eit krav til at arbeidsforholdet skal vere eit arbeidsgjevar-/arbeidstakarforhold.

I dag forskotterer avløysarlaga utgifter for gardbrukaren noko som kan vere svært avgjerande for den som er sjukmeldt og spesielt langtidssjukmeldt. Dersom slik forskotering ikkje lenger kan gjennomførast vil alternativet for ein del bønder bli å leggje ned drifta fordi likviditeten ikkje vil vere god nok ved langtidssjukmelding. Eller så må bonden sjølv arbeide så lenge som det går til tross for sjukdom og sikring av matproduksjonen og dyrevelferd vil etter kvart bli svekka.

Når det gjeld kravet til næringsinntekt på minimum ½ G vil vi påpeike at det er viktig at dette blir henta frå de to siste godkjente likningsår. Det vil da regulere seg sjølv kva for to år som kan leggest til grunn til ei kvar tid.

Dagens forskrift der det heiter at person det søkast tilskott for må ta i mot mindre enn 75 % arbeidsavklaringspengar og/eller uførepensjon, genererer ikkje mykje saksutreiing før kommunane kan vurdere om vilkåret er oppfylt. Det einaste kommunen treng er dokumentasjon frå NAV om kva for grad arbeidsavklaring/uføre personen har for å vite om denne har rett på tilskott. I forslag til ny forskrift skal dei med mindre enn 25 % restarbeidsevne kunne fortsette arbeide på bruket og ha rett på tilskott ved sjukdom mv. Dette vil nok generere meir saksutreiing for kommunane enn slik det er i dag.

Det er forslag om å oppheve vilkåret om at den som søker tilskott må vere under 70 år. Dette er på sikt positivt, men vi meiner forslaget kjem i tidlegaste laget. Slik situasjonen er i dag har vi mange som er utsliti når pensjonsalderen er nådd og det er lite aktuelt å vere pådrivar for å halde på desse som yrkesaktive gardbrukarar. Det er viktig med rekruttering i landbruket og det er ikkje sikkert at det å oppheve avgrensinga på 70 år fører til det beste for rekruttering.

Avløysing ved svangerskap, fødsel og adopsjon

Det er positivt at det skjer en harmonisering med folketrygdlov og arbeidsmiljølov. Dette til tross for ei lita innsnevring i form av at tidsrommet barnefaren må ta sine 14 dagar innafor med rett til tilskott i samband med fødsel blir ei veke kortare i forhold til dei reglar som gjeld i dag.

Sjukt barn

Det er positivt at legebehandling ikkje lenger må gå for seg på «sjukehus, institusjon eller hos spesialist», men i staden skal vere i samband med sjukdom eller skade hos barnet.

Den vurderinga som kjem til uttrykk for kronisk sjukdom hos barn og om dette vil leie til ein markert auke av risiko for at personen får fråvær frå arbeid i

føretaket, må vurderast av lege og ikkje overlatast til kommune. Det bør derfor fortsatt stillast krav til legeerklæring som ikkje er eldre enn to år.

Utmåling av tilskott

Flytting av utmålingsreglane vil ikkje vere ei gunstig forenkling for forvaltninga. Vidare er det vår meining at det er viktig at søkar skal ha ei grei oversikt over kva rettar denne har og desse rettane må da vere å finne i forskrifta.

Vi meiner at det i forskrifta bør stå at det ikkje kan søkast om meir enn eitt tilskott pr. sjukdomsperiode pr. føretak/person.

Gradert sats ved delvis sjukmelding og gradert uttak av foreldrepengar bør også stå i forskrifta. Det bør også stå som før i forskrifta at «Ytingar som søkjar kan få – frå folketrygda, i pensjon i godtgjersle for tapt arbeidsforteneste og i løn – skal trekkjast frå tilskotet.» Ev. kan det stå at alle skattepliktige ytingar søkar kan få skal trekkjast.

Det bør vurderast om lønnsinntekt og trekk av anna næringsinntekt og/eller sjukepengar av anna næring skal trekkast når det i utgangspunktet er jordbruksnæringa som er grunnlaget for tilskott.

Administrative og økonomiske konsekvensar.

Vi ser ikkje at det blir noko særleg forenkling sjølv om gjeldande § 6 fjerde ledd bokstav b t.o.m. d blir oppheva. Desse vilkåra har vore enkle å forvalte for kommunane.

Merknader til føresegnene

Til § 1 Føremål må det tilføyast sjuke barn og omsorgsovertaking. Dette for at det skal vere oversiktleg kva som kjem inn under forskrifta for dei som tenker å søke om tilskott.

Til § 3 andre avsnitt er det viktig å avklare om det skal vere avslutta likningsår eller godkjent likning som skal leggjast til grunn. Sjå våre kommentarar under «Generelle vilkår for rett på tilskott».

For nyoppstarta gardbrukarar bør det gjerast eit generelt unntak frå kravet til næringsinntekt dei første åra da dei uansett ikkje vil ha næringsinntekt å vise til før dei starta opp drifta. Det fører til unødvendig arbeid for både søkar og forvaltning at det elles må søkast dispensasjon frå kravet til næringsinntekt, jf. § 9.

Til § 4 så bør det stå at maksimal dagsats blir redusert ved delvis sjukmelding og gradert uttak av fødselpengar. Det er svært viktig at ein held seg til NAV sine reglar for sjukmelding og dermed når sjukepengeperioden har hatt sin siste dag.

Det er uheldig at tilskottet ikkje lenger kan utbetalast direkte til avløysarlag. Det kan for gardbrukarane vere tungt å forskottera store utgifter over lang tid og dette rammar i stor grad nye gardbrukarar. Ofte forskotterer laget utgifter til avløyning for gardbrukaren. Avløysarlaget får utgiftene refundert når tilskottet

blir utbetal, utan at det går vegen om søkaren. Endringa som no er foreslått medfører ein svekka likviditet for avløyarlaga. Ved ein svekket likviditet vil ikkje avløyarlaga lenger ha mulegheit til å forskottera utgifter noko som medfører at ein del gardbrukarar rett og slett ikkje vil ha økonomi til å leige avløysing. Dette igjen vil gå ut over helsa til gardbrukaren og vidare vil fleire gi opp og matproduksjonen vil bli redusert. Vi er av den oppfatning at det er uheldig å ta bort en praktisk og lett kontrollbar ordning som fungerer godt. Dei formelle forholda rundt en vidareføring av ordninga bør kunne løysast i forskrifta så lenge der er søkar sjølv som avgjer kven som skal ha utbetalt tilskottet. Det er viktig å vere klar over at dette er ei refusjonsordning og ikkje ei tilskottsordning. Dette ser ikkje departementet ut til å ha lagt vekt på i si vurdering.

Til § 7 bør det stå at det ikkje vert avkorta sjukepengar tilskott til avløysing i samband dødsfall. Dette er ein generell regel og bør kunne stå i forskrifta.

Til § 8 andre avsnitt bør ordlyden endrast til «Søknadsfristen er 3 månader etter siste dag som gjev rett til tilskot.» Dette fordi dette er ein eksakt dato å halde seg til i forhold til «... etter dagen avløysinga fann stad.» som kan vere mange datoar.

Til § 10 siste avsnitt bør det føyast til alle selskap som føretaket nyttar i drifta i tillegg til alle eigedomar. Dette for å sikre tilgang til alle delar av verksemda ved kontroll.